



Seljord kommune

Kultur og næring

Arkiv: U63
Saksnr.: 2018/1095-33
Sakshand.: Asbjørn Storrusten
Direkte tlf.: 350 65 155
Dato: 28.05.2019

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval		13.06.2019
Kommunestyret		20.06.2019

Retningslinjer for regulering av støy frå høgtalarar/ musikkanlegg i Seljord kommune

Saksdokument:

Vedlegg:

1 Retningslinjer for støy -høgtalarar Seljord utkast pr 3. juni 19

Saksutgreiing:

Seljord kommunen bør etablere retningslinjer for regulering av støy frå høgtalarar/ musikkanlegg. Dette for å ha eit sett med gjeldande kjørereglar for støy og ha felles forståing av støy-problematikken og konsekvensar dette kan ha for folk i nærleiken.

Lov om folkehelsearbeid (folkehelselova) gjev kommunen klart ansvar for innbuaranes helsetilstand.

Det er nå blitt ein stor konflikt i Seljord sentrum mellom naboar og ein ute serveringsstad, dette aktualiserer innføring av retningslinjer.

Retningslinjer som dette er vanlege i mange kommunar og følgjer Helsedirektoratet sin veileder "Musikkanlegg og helse, veileder til arrangørar og kommunar".

Lov om folkehelsearbeid (folkehelselova) Kapittel 2. Kommunens ansvar.

"§ 4.Kommunens ansvar for folkehelsearbeid

Kommunen skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, bidra til utjevning av sosiale helseforskjeller og bidra til å beskytte befolkningen mot faktorer som kan ha negativ innvirkning på helsen.

Kommunen skal fremme folkehelse innen de oppgaver og med de virkemidler kommunen er tillagt, herunder ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tjenesteyting.

Kommunen skal medvirke til at helsemessige hensyn blir ivaretatt av andre myndigheter og virksomheter. Medvirkning skal skje blant annet gjennom råd, uttalelser, samarbeid og deltagelse i planlegging. Kommunen skal legge til rette for samarbeid med frivillig sektor".

Formålet med retningslinene er å regulere støy som kan føre til helseskade frå utandørs og innandørs underholdning og frå mobile og berbare lydkjelder. Slik støy vert kalla for helsefarleg støy. Formålet er også å sikre innbyggjarane og tilreisande mot helseskadeleg støy."

Dei vedlagte retningsliner for å regulering av støy frå høgtalarar/ musikkanlegg i Seljord kommune bygger på retningslinene som Notodden kommune innførte for nokon år sida og som har vært med på å leggje grunnlaget for Helsedirektoratetets «Veilederen for Musikkanlegg og helse" (IS-0321).

Utkastet til retningsliner er tilpassa Seljord kommune. Tabellar for lydnivå og tidspunkt er ikkje justert for Seljord.

Utkast til retningsliner er drøfta med næringsaktørar og med representantar frå Brøløs vel (Seljord sentrum).

Rådmannens vurdering;

Rådmannen vurderer det som viktig å få på plass eit regelsett for Seljord kommune, reglar som definerer og setter nivå for akseptabel støy for innbuarane i kommunen. Det er og viktig for dei næringsdrivande å ha gode, langsiktige og klare rammer for korleis dei kan drive sin verksemd. Kommunen må ta vare på sine innbuarar helse og med det konfliktnivå som nå er i sentrum er det viktig å etablere retningsliner som bør kunne akseptast av alle partar.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet gjere følgjande vedtak;
Formannskapet rår kommunestyret å vedtak Retningsliner for regulering av støy frå høgtalar / musikkanlegg dagsett 13. juni 2019 som gjeldande for Seljord kommune frå 1. juli 2019.

Utskrift til: Brøløs Vel
Nordbygdi Pub-og bardrift AS
Dyrsku'n Arrangement AS